
Saksnr: 2020/73827-1
Saksbehandlar: Øyvind Helland Oddekalv

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		29.10.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		03.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Sluttrapport for samarbeidsprosjektet i Nordhordland

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar sluttrapporten for samarbeidsprosjektet i Nordhordland til orientering.
2. Konklusjonane og vurderingane i sluttrapporten blir nytta i det vidare utviklingsarbeidet

Samandrag

Dette er sluttrapporten for «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland». Hovudmåla med samarbeidsprosjektet har vore å prøve ut nye undervisningsformer der meir av undervisninga blir gjennomført ute i bedriftene, og å synleggjere og vidareutvikle dei gode samarbeidsstrukturane mellom skule og arbeidsliv i regionen.

Rapporten inneheld ein omtale av prosjektet, kvifor prosjektet vart starta, og kva prosjektet skulle gjere og levere for organisasjonen. Vidare inneheld rapporten omtale av vesentlege delar av prosjektet. Funn og evaluering inneheld refleksjonar og vurderingar opp mot kva som har vore målet med prosjektet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sluttrapport for Nordhordlandsprosjektet
- 2 Vedlegg 1 UiB-rapport mar19
- 3 Vedlegg 2 Evaluering Nordhordlandsprosjektet
- 4 Vedlegg 3 Rektorane sine vurderingar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sluttrapporten for «Samarbeidsprosjektet i Nordhordland» inneheld ein omtale av prosjektet, kvifor prosjektet vart starta, og kva prosjektet skulle gjere og levere for organisasjonen. Vidare inneheld rapporten omtale av vesentlege delar av prosjektet. Funn og evaluering inneheld refleksjonar og vurderingar opp mot kva som har vore målet med prosjektet.

«Samarbeidsprosjektet i Nordhordland» har vore eit prosjekt først i regi av opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, og sidan avdeling for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune og har hatt som hovudmål å prøve ut nye undervisningsformer der meir av undervisninga blir gjennomført ute i bedriftene.

Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen låg til grunn for arbeidet i samarbeid mellom skule og næringsliv, jf. vedtak i Hordaland fylkesting 4. oktober 2016:

«Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.»

Og dessutan verbalforslag i Hordaland fylkesting i desember 2016, i samband med budsjettvedtaket for 2017:

«Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.»

Dei overordna måla for samarbeidsprosjektet har vore å kartleggje i kva grad det var mogleg å leggje meir av undervisninga i bedriftene og utvikle modellar for utprøving av praktisk undervisning i bedriftene. Ein skulle òg synleggjere og vidareutvikle samarbeidet, dei gode døma og dei gode samarbeidsstrukturane mellom skule og arbeidsliv. Det skulle leggjast vekt på styrka fagmiljø, yrkesretting og relevans gjennom attraktiv og nyskapande opplæringsverksemd innan ulike utdanningsprogram i Nordhordland. Ein skulle òg vurdere i kva grad ein modell med meir av den praktiske undervisninga i bedrift ville påverke behovet for nyinvesteringar i utstyr for skulane.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetansen.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det vil ikkje vere økonomiske verknader slik det er i dag.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Sluttrapporten gir eit kunnskapsgrunnlag om det lokale kompetansebehovet.

Samarbeidsprosjektet vart gjennomført ved at Austrheim vgs. auka graden av utplassering på Vg2 byggteknikk og Knarvik vgs. auka på Vg2 industriteknologi. Dette vart gjort ved at undervisninga i fleire programfag vart gjennomført med opplæring i bedrift, i tillegg til faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Dette vart gjort i nært samarbeid med utplasseringsbedriftene, m.a. måtte ein samarbeide mykje tettare om vurderinga av elevane si læring.

Prosjektet er evaluert av seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering, gjennom spørjeundersøkingar til opplæringsbedriftene, lærebedrifter og faglærarar i både programfaga og fellesfaga. I tillegg er det gjennomført intervju/samtalar med rektorane på dei to skulane.

Alle involverte gir gode tilbakemeldingar på modellane som vart utprøvd i prosjektet. Opplæringsbedriftene meiner at elevane har fått breiare fagkunnskap og meir erfaring med utstyr som ikkje er i skulane. Lærebedriftene melder alle om at dei har fått like gode eller betre lærlingar. Det er og funn som tyder på at elevane er meir motiverte.

Når det gjeld behovet for utstyr vil det uansett vere behov for utstyr til grunnleggjande opplæring, m.a. sidan det er lagt opp til at Vg1-elevane framleis får opplæringa på skulen. Det skal òg vere mogleg å overføre liknande modellar til andre utdanningsprogram.

Samarbeidsprosjektet har òg samarbeidd med UH-sektoren i utarbeidinga av ein UiB-rapport som kartla regionen sitt behov for framtidig fagtilbod, kompetanse og arbeidskraft, og deltatt i eit prosjekt under Erasmus+ som undersøkte modellar for fag- og yrkesutdanning og modellar for samarbeid mellom skule og næringsliv og lokalsamfunnsutvikling.

Konklusjon

Samarbeidsprosjektet har ført til at samarbeidet mellom skulane og samarbeidsbedriftene har blitt endå tettare og betre enn tidlegare, dette har ein klart ved å utnytte eksisterande strukturar for samarbeid i regionen. Skulane ønskjer å prøve ut liknande modellar på andre utdanningsprogram. Dersom andre skular og regionar vil bruke erfaringane frå samarbeidsprosjektet i Nordhordland vil det vere viktig at det tar utgangspunkt i og byggjer vidare på eksisterande relasjonar og lokale erfaringar.